



Alver Kommune v/Plan og byggesak  
Kjartan Medaas  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4504 - 22/55195

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.07.2022

## Løyve til deling/arealoverføring etter jordlova - gbnr 103/1,103/7 Fjellanger og 104/5 Haukås

**Administrativt vedtak**      **Saknr: 758/22**

**Tiltak:**

**Eigedom:**                      Gbnr 103/1,7 og 104/5/

**Tiltakshavar:**                  Vestland fylkeskommune

**Vedtak :**

**Alver kommune gjev samtykke til deling av om lag 520 m<sup>2</sup> frå gbnr 103/1, om lag 141 m<sup>2</sup> frå gbnr 103/7 og om lag 277 m<sup>2</sup> frå gbnr 104/5 til gbnr 103/35 og gbnr 104/5 som omsøkt**

**Vedtaket har heimel i jordlova § 12.**

**Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Vedtaket vert oversendt plan- og byggesak og inngår i vurderinga av dispensasjons etter plan- og bygningslova.**

### **Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 520 m<sup>2</sup> frå gbnr 103/1, om lag 141 m<sup>2</sup> frå gbnr 103/7 og om lag 277 m<sup>2</sup> frå gbnr 104/5 til gbnr 103/35 og gbnr 104/57 - fv. 57. Arealane er erverva i samband med at det er bygd tekniske bygg ved Lyngfjelltunellen. Dette etter krav til sikring av tunellar. Arbeidet er utført. Det vert elles vist til søknad om arealoverføring og dispensasjon motteken frå Vestland fylkeskommune 08.04.2022.

### **Planstatus/gardskart:**

Arealane ligg i uregulert område sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). I tillegg ligg arealane frå gbnr 103/1 og 103/7 i omsynsonene H560\_oN57: Bevaring av naturmiljø- Storfugl, H110\_sD17: Nedslagsfelt drikkevatt- Eidsvatnet og H210: Støysone: Raud iht. T-1442. Arealane frå gbnr 104/5 ligg i omsynsonene H510\_oL03: Omsyn landbruk- Kulturlandskap, H210: Støysone: Raud iht. T-1442 og H310: Ras- og skredfare.

### **Uttale:**

Søknaden er oversendt landbruksavdelinga frå plan- og byggesaksavdelinga for handsaming etter jordlova.

### **Vurdering**

Areala er definert som anna markslag eller produktiv skog. Det er ikkje naudsynt med vedtak om omdisponering då det ikkje er dyrka eller dyrkbar jord.

### **Deling etter jordlova § 12**

Det følgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller takast i bruk slik at jorda ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje gjevast utan at det er gjeve samtykke til omdisponering etter § 9.

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Areala som skal delast/arealoverførast ligg ved fylkesveg og har liten driftsmessig nytte for landbruket. Det er delvis anna markslag. Det vil ikkje svekka arealressursane på bruka eller medføra drifts og miljømessige ulemper for landbruket. Trygg og god infrastruktur er gagneleg for samfunnet jf. jordlova § 1, og det er ikkje verdifulle landbruksareal som vert tatt i bruk til anna føremål.

### Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga over har kommunedirektøren kome fram til at omsyna bak deling ikkje vert sett til side som følgje av at det delingsløyve som omsøkt.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/4504**

### **Bortfall av løyve**

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver Kommune v/Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG